



Naturvernforbundet
i Vest-Telemark

Nissedal, 04.05.25

NVE - Norges vassdrags og energidirektorat,
Middelthunsgt.29,
0368 Oslo

Høyringsvar – saksnr. 202418181 – 2

Søknad om endra manøvreringsreglement for Byrtevatn kraftverk.

Tokke – Vinje vassdraget.

Naturvernforbundet i Vest-Telemark (NVVT) tilrår at manøvreringsreglementet for Byrtevatn og Mosåi ikkje vert endra – jamfør søknad frå Statkraft.

Grunngjeving:

Minstevassføring i Mosåi var eit viktig vilkår i vilkårsrevisjonen – viktig både for artsmangfald i Mosåi og Tokkeåi. Mengda vatn **Statkraft** vart pålagt å sleppe var minimalt – og i praksis ville det ikkje påføre **Statkraft** tap av produksjon – jamfør auka nedbørsmengde.

NVVT er sikker på at det er praktiske måtar for **Statkraft** å etterleve vedtekne vilkår på – utan ytterlegare naturingrep. Det forutset naturlegvis at viljen er tilstades.

Helsing

Torfinn Sanden – leiar

Naturvernforbundet i Vest-Telemark